

Saksprotokoll i finansutvalet - 29.10.2020

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Svar på spørsmål 1:

Det er tidlegare opplyst at lånegjeld for bybanevogner er om lag 650 mill. kr ved inngangen til 2020. Det kan leggjast til grunn reduksjon av denne summen med 50 mill. kr årleg, slik at ein ved utgangen av 2022 vil stå att med 500 mill. kr av denne lånegjelda.

Det er lagt til grunn at vognkjøpa til byggetrinn 4 til Fyllingsdalen utgjer knapt 300 mill. kr. Når Fyllingsdalsbanen vert sett i drift, kan ein dermed leggja til grunn ei samla bybanevognsjeld på 500 mill. kr + 300 mill. kr = 800 mill. kr.

Svar på spørsmål 2:

Bybanen AS er eiggd av fylkeskommunen, så ei overføring dit vil ikkje redusera den samla gjelda. Gjelda kan heller ikkje overførast til Ferde A/S ettersom det ikkje er nytta bompengar til kjøp av bybanevogner. Miljøløftet er ein partnarskap, og ikkje ei finansieringskjelde i seg sjølv.

Innanfor ramma av byvekstavtalen kan Vestland fylkeskommune nytte investeringsmidlar til å betale gjeld på bybanevognene. Fylkeskommunen vil uansett måtte stille garantiansvar for det samla låneopptaket.